

Til

Alver kommune

Kommunedelplanen *Kultur som drivkraft* – høyringssvar frå Senioruniversitetet i Nordhordland

Alver kommune har lagt ut kommunedelplanen *Kultur som drivkraft* til høyring. Eitt av kapitla i planen er vigd seniorar og eldre. Senioruniversitetet i Nordhordland (SUN) har 90 medlemmer med tyngdepunkt i Alver, og arbeider for å spreia opplysning og gje fordjuping og innsikt i eit variert sett av samfunnsrelevante problemstillingar. Dette er kulturarbeid, og SUN vil derfor gje eit høyringssvar til kommunedelplanen.

Som i alle slike planar er det mange positive formueringar, men mindre innslag av handlingsplanar, tiltak og måloppnåing. Planen handlar ikkje om økonomi eller økonomiske prioriteringar. Når det gjeld side 39 om seniorar og eldre, er det skrive éi side, men den manglar i stor grad konkrete tankar om kva seniorar er eller kva tilbod dei har trong for og kva seniorar kan yte i ein kommune.

Det som burde vore vurdert, er gode samlingsplassar for seniorar. Senioruniversitetet har fast møtestad på Seniorsenteret på Knarvik sjukeheim, og er i og for seg ikkje misnøgd med det, sjølv om det vert utfordringar med lokalet dersom det kjem meir enn vel 50 personar på arrangementa.

Sjukeheimar bør likevel prinsipielt vera for sjuke og ikkje for friske seniorar. Det bør lagast gode møteplassar desentralisert, slik at flest mogeleg kunne nå slike plassar på ein enkel måte. Slike seniorsenter bør ha form av høvelege møtelokale, kafe, ein pub, eit lite bibliotek med aviser, musikk, m.m., eller trimrom, danseplass m.m. Det kan tenkjast mange aktuelle aktivitetar. Kommunen bør kunna skaffa lokale, medan seniorane kunne drifte anlegga. Dei fleste seniorar er friske og oppegåande og kan vera ein stor ressurs i samfunnet dersom det vert lagt til rette for det.

Framlegget i kulturplanen for seniorar er altså nokså svakt og viser ikkje god nok kunnskap om kva ein senior er. Kapittelet bør derfor skrivast om av nokon som kan setja seg inn i eit seniorliv og kva seniorliv kan tilføre samfunnet når det berre vert lagt til rette for det.